

Solsikka barnehage



2023/2024

Informasjon om Solsikka barnehage

Solsikka AS er ein privat barnehage som ligg sentralt til på Fiskå i Vanylven kommune. Den vart starta 30.juli 2007 og har eit godkjend leike- og opphaldsareal på 325 m².

Kontoret
996 29 124
(Marta)

Solsikka har aldersinndelte basar. Småstork har dei minste barna på 1-2 år, Storknebb 2-3 år og Skogskjegg og Skinntryte med barn 3-6 år.

Småstork
413 53 381

Vi held til i to bygg med storbarnsbasane Skogskjegg og Skinntryte i Solsikka. Frå hausten 2023 av er småbarnsbasane Småstork og Storknebb på Gruvetoppen.

Storknebb
473 94 226

Marta Bøstrand er styrar i Solsikka med Alise Stokseth Rætta som assisterande styrar (i foreldrepermisjon barnehageåret 2023/2024).

Skogskjegg
413 85 238

Årsplanen er dokumentasjon for arbeidsmåtar og eit verktøy for eigarane, personalet, føresette, kommunen som tilsynsorgan og andre samarbeidspartnarar.

I år vert vi totalt 57 barn og 19,1 årsverk på huset. Vi gledar oss til å ta fatt på eit nytt barnehageår saman med alle barna og føresette!

Skinntryte
413 53 547

Formelle krav

Barnehagens utforming og innhald er regulert av barnehagelova, rammeplanen samt lova om barnevern.

Barnehagelova er ei lov som regulerer drift av barnehagar med utgangspunkt i eit tett samarbeid mellom barnehage og heim, samt eventuelt andre instansar.

Barnehagelova stiller óg krav til pedagogisk innhald, mål og vurdering. I denne årsplanen legg vi i Solsikka fram korleis vi drifrar pedagogisk samt våre visjonar og verdiar. Korleis vi arbeidar knytt opp til *rammeplanen* sine fagområder er presentert seinare i årsplanen.

Barnevernlova har hensikt i å sikre barn hjelp dersom dei lev under forhold som kan skade helse og utvikling. Barnehagar har eit ansvar for å bistå i å oppdage, utrede og oppfølgje barnevernssaker.

Solsikka har også samarbeid med instansar som helsestasjon, pedagogisk rettleiingsteneste, skule, BUP, logoped, fysioterapeut og barnehabiliteringa.

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som allsidig utvikling (...)
Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang (...)

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap.

(Barnehageloven § 1 Formål)

Åpningstid

Kjernetid

Frukt

Stengetid

07:00

09:00

14:00

16:45

Dagen startar 07:00 i Solsikka. Frå klokka 09:00-14:00 har vi kjernetid der vi har samling og byrjar på dagens aktivitetar. Det varierar frå å gå på tur, formingsaktivitetar, frileik og andre aktivitetar. Vi oppmodar føresette til å setje seg inn i månadsplanar som vert lagt ut på MyKid. Vi ynskjer også beskjed om fråvær snarast mogleg anten ved sjølvregistrering eller at basen får beskjed på melding.

Solsikka har fullkost inkludert i prisen og dermed får alle barna servert tre måltid til dagen her i barnehagen. Barn som skal ete frukost i barnehagen må vere levert til seinast 08:30. Har de behov for utvida stengetid til 17:00 skal dette avtalast med styrar seinast dagen før.

Frukost

08:00 – 08:45

Brød med
diverse pålegg
Frukostblanding



Lunsj

11:00 – 12:00

Smørelunsj
eller
varmlunsj



Frukt

14:00 – 14:30

Frukt
Grønsaker
Yoghurt
Knekkebrød



Tilvenning

Før oppstart i barnehagen brukar vi å invitere nye barn og føresette på besøk. Å starte i barnehagen er ein milepæl som er ei spanande tid for både barn og vaksne. Føresette skal levere frå seg det kjæraste dei har, og dette er noko vi i Solsikka har stor respekt for. Vi er opptatt av tydeleg kommunikasjon med føresette og at barna skal få ein god oppstart i barnehagen. Dagane er prega av å verte kjende med kvarandre samt å byggje relasjonar og tilitt.

I tilvenningsperioda anbefalar vi at barnet har med eit tryggleiksobjekt som til dømes smukk eller ein kosebamse. Det er viktig føresette tek ein tydeleg avskjed og går når dei har sagt "hade" til barnet sitt. Nokon barn skilir rett inn i barnehagekvardagen, medan andre brukar lengre tid. Begge deler er like normalt! Vi anbefalar på generelt grunnlag å ta seg god tid til tilvenninga og at barnet har kortare dagar i starten.

Overgang barnehage og skule

Ein annan stor milepæl i barnehagen er når barnet skal over til skulen. Gjennom heile barnehageåret har vi MAXI-gruppe for skulestartarane våre. Til våren startar vi samarbeid med Fiskå skule der vi har vår eigen overgangsplan. Her er det både besøksdagar med komande kontaktlærar og 1.klasse samt foreldremøte på skulen. Denne planen får føresette til skulestararane tilsendt.

Vi samarbeidar også med dei andre skulane om barnet skal starte der.

Foreldresamarbeid

Solsikka har tilbud om to foreldresamtalar gjennom året. Ein på hausten og ein på våren. Desse vert gjennomført av ein pedagog på basen barnet ditt er knytt til. Vi oppmodar alle til å nytte seg av foreldresamtalane då det er eit fint høve til dialog mellom barnehage og heim sett vekk frå kvardagen med levering og henting.

Vi har eit felles foreldremøte på hausten, og eit på våren ved behov. Her vil det verte gitt informasjon om barnehagen og gjerne eit eller fleire tema som vert løfta fram i plenum. Dette er også eit flott høve å sosialisere seg i foreldregruppa.

Foreldrearrangement er 1-2 gangar i året og vi har ein fast sommarfest siste veke i mai som ei avslutning på barnehageåret vårt. Sommarfesten er i regi av FAU i samarbeid med barnehagen.

FAU og SU

Er eit samarbeidsorgan og bindeleddet mellom foreldregruppa og barnehagen. Her kan foreldre bruke sin rett til medverknad til barnehagen. SU skal også godkjenne årsplanen til barnehagen kvart år.

Lokal rammeplan for Vanylven kommune

Barnehagane i Vanylven kommune har saman utarbeida ein lokal rammeplan. Denne er godkjent av Livsløpsutvalet og vert redvidert kvart femte år. De finn rammeplanen [her](#)

Inkluderande barnehagemiljø

Solsikka og resten av barnehagane i kommuna har ei ekstra satsing på Inkluderande barnehagemiljø dette året.

Inkluderande barnehagemiljø går ut på at ein har som mål om eit barnehagemiljø utan mobbing og krenking. Alle barn har krav på eit godt og trygt barnehagemiljø!

Barn testar ut ulik atferd, det er heilt naturleg. Då er det av stor betydning at vi har vaksne i barnehagen er tett på barna og at vi rettleiar dei, samt ein heim som følgjer opp.

I barnehagelova kom det i 2021 ei meir skjerpa aktivitetsplikt for tilsette i barnehagen ved negativt handlingsmønster. Det er difor særst viktig at de som føresette melder i frå til barnehagen om de har mistanke om mobbing og/eller krenking, både frå andre barn og vaksne.



Leik

Barn sin leik er fundamentet i barns barndom og utvikling. I Solsikka vernar vi godt om leiken til barna og alle i personalet skal vere påkopla. Vi legg til rette for at alle får gode leikeerfaringar og er støttande for dei som treng det. Vi nyttar observasjon for å sjå kva som er viktig for barna og korleis vi kan spele vidare på leiken.

Omsorg

Omsorg i barnehagen er noko vi alle skal lære å gi og få. Vi skal forstå verdien i å ta vare på oss sjølv og kvarandre, samt bry oss om dyr og verda. Omsorgen er nøkkel til tryggleik, noko som har stor påverknad for vår fysiske og psykiske helse.

Plan for eit godt psykososialt miljø

Solsikka har utarbeida ein eigen plan for eit godt psykososialt barnehagemiljø. Planen vår finn de [her](#)

Læring

Læring skjer overalt, og særskilt god leik i eit trygt fellesskap fruktar god læring. Gjennom forskning veit vi at aktiv leik bidreg til konsentrasjon og læring. Vi strekkjer oss alltid etter å ha ei god og bevist blanding av frileik, planlagde aktivitetar og kvile i Solsikka.

Danning

Danning er det som sit att i oss når alt vi har lært er gløymt. Det er evna til å prøve på nytt når ein har feila. Det er å kunne reise seg etter eit fall. Det er sjølvkjensle, verdiar og meiningar. I Solsikka passar vi på at barna får møte tilpassa utfordringar, både fysiske og sosiale.

Barn sin rett til medverknad og medbestemming

Det å kjenne på at ein kan påverke og forme sin eigen kvardag er viktig for alle. Barn sin rett til medverknad er forankra i barnehagelova. I Solsikka skal vi leggje til rette for at alle barn får medverke i tråd med alder, utvikling, modning og dei individuelle føresetningane sine. Vi strekkjer oss etter ein kultur for den gode samtalen saman med barna.

Men det er ikkje all medverknad som skjer gjennom ord. For å sikre barna eit miljø prega av medverknad skal personalet vere engasjerte og påkopla i kvardagen. Slik oppdagar vi ynskjer og meiningar som ikkje alltid kjem fram. Vi kan sjå det i blikk, i leik og i usikkerheit.


Observasjonar og evaluering av barnegruppa sin kultur skal stå for mykje av innhaldet i barnehagen.

Sosial kompetanse

Sosial kompetanse er ei føresetning for å kunne fungere godt saman med andre, og er noko vi i Solsikka jobbar med gjennom heile året.

Barnehagen skal vere prega av trivsel, leik og venskap. Ein skal lære seg å vere ein positiv deltakar i fellesskapet samstundes som ein skal lære å handtere negative møter. Ein skal kunne uttrykkje sine eigne meiningar samstundes som ein skal lytte til og tolerere andre sine.

I Solsikka støttar vi oss til tryggleikssirkelen og reperasjonssirkelen. Desse modellane hjelp til å gjere barna trygge i barnehagen, men også god hjelp til sjølvregulering og sosial kompetanse.



REPERASJONSSIRKELEN

Hjelp barnet å stole på at vårt trygge forhold (nesten) alltid gjer at alt vert bra igjen

Åtferda mi betyr at eg treng du:

- * Tek stying
- * Er god
- * Ikkje tek det personleg
- * Trøyster meg
- * Er med meg til vi begge forstår kjensla som verka for stor for meg åleine
- * Hjelp meg tilbake til det eg holdt på med, frå eit nytt ståstad

Basane i Solsikka barnehage



Småstork

Småstork er småbarnsbasen vår for 1-2 åringane på Gruvetoppen. Her er starten på barnehageløpet for dei yngste. Den første tida er prega av tilvenning og tilknytning til barnehagen. Mykje av tida på Småstork går til rutiner, stell og mykje omsorg. Dagane er fokusert på tryggleik og å følgje barna sine behov; dei vaksne er alltid på golvet saman med barna.

På føremiddagane er vi ofte ute og leikar, og Småstork har også eigen "bussvogn" som vi brukar i nærmiljøet. Vi balanserer kvardagen mellom leik, aktivitetar og kvile. Barna søv ute i vognene sine i sovetida.

I år vil det fylle seg på med Småstorkar gjennom hausten og vinteren, og vil vere til slutt ei gruppe på 12 barn etter nyttår.

Personalet på Småstork i år er:

May Kristin Ekremsæter, pedagogisk leiar.

Ingunn Anita Thunem, barne- og ungdomsarbeidar.

Solgun Anita Hellebust, barne- og ungdomsarbeidar.

Grethe Dalen Brudevoll, barnerettleiar.

Hilde Sjørdal vil også vere fast på Småstork kvar mandag, og Ørjan Aaland annankvar fredag.

Storknebb

Vår andre småbarnsbase på Gruvetoppen heiter Storknebb og er for 2-3 åringane. Barna her er i ferd med å utvikle meir sjølvstende, men treng også framleis ein balansert kvardag med lek og ro.

Vi er opptatt av å støtte opp under barnas ønskje om å "klare sjølv" og oppmode til å hjelpe kvarandre. Leiken er i stor utvikling hos 2-3 åringane, og dei vaksne er tett på både som deltakande og rettleiande i leiken til barna.

Storknebb går tur i nærmiljøet for motorisk utvikling, og vi er heldige som har ein stor skog rett ved Gruvetoppen med ulendt terreng.

Det vil vere 8 barn på Storknebb i haust, men ei endring med overgongar mellom basar kan forventast ved jul/nyttår.

Personalet på Storknebb i år er:




May Kristin Sandnes Krøvel, pedagogisk leiar.

Janne Brekke, barne- og ungdomsarbeidar.

Hilde Sjørdal, barne- og ungdomsarbeidar.

Marit Brudevik, barnerttleiar.

Synnøve Parr, arbeidspraksis.



Skogskjegg og Skinstryte

Skogskjegg og Skinstryte er storbarnsbasane i Solsikka med barn 3 – 6 år. I år har vi 17 barn på Skogskjegg og 18 barn på Skinstryte. Begge basane har to faste turdagar i veka. Skogskjegg mandag og torsdag, Skinstryte onsdag og fredag.

På storbarnsbasane fokuserar vi på sjølvstende, venskap, fellesskap og tryggleik. Vi utforskar og undrar oss saman med barna, og har mykje frileik samt planlagde aktivitetar.

Vi har gruppeinndeling kvar tysdag. 3 og 4 åringane har MIDI-gruppe med opplegg på tvers av basane. MAXI-gjengen er førskulebarna i Solsikka som også følgjer eige opplegg tysdagane.

Personalet på Skogskjegg i år er:



Inger Oline Eikrem, pedagogisk leiar.

Malgorzata (Gosha) Kaczurak, barnehagelærer.

Elias Nykrem, barnehagelærer.

Monica Berge, barne- og ungdomsarbeidar.

Per Ståle Hatlenes, barnerettleiar.

Ørjan Aaland, barnerettleiar.

Personalet på Skinstryte i år er:



Åse Vibeke Teigen, pedagogisk leiar.

Celine Endal, barnehagelærer.

Elsa DeGuia Berge, barne- og ungdomsarbeidar.

Monica Thunem Rørhuus, barne- og ungdomsarbeidar.

Solbjørg Brekke, lærling barne- og ungdomsarbeidar.

Hakkebakkeskogen



I år skal vi i Solsikka ta føre oss Thorbjørn Egner og klassikaren *Hakkebakkeskogen* som temaarbeid gjennom barnehageåret. No skal vi verte godt kjende med dei ulike karakterane som Mikkel Rev, Klartemus og Morten og alle dei andre som bur i Hakkebakkeskogen.

Hakkebakkeskogen tek føre seg gode temaer som venskap, konflikt, fellesskap og samarbeid som vi skal fordjupe oss i gjennom barnehageåret.

Vi ska blant anna ha høgtlesing og dramatisering frå boka, synge songane, ha formingsaktivitetar knytta til skogen og mykje anna.

Vi håper og trur både små og store vil ha stor glede av Hakkebakkeskogen i år!

Samarbeida

Øvd på
turtakning

Løyst
konflikhtar

Utvikla
venskap

" I dag har
eg berre
leikt... "

Brukt
kroppen
min

Brukt
fantasien
min

Øvd på
nye ord
og
uttrykk

Utvikla sosial
kompetanse

Spesialpedagogisk arbeid i Solsikka

Det spesialpedagogiske arbeidet vert naturleg fletta inn i kvardagen då vår eigen spesialpedagog nyttar mykje av tida si inne på dei ulike basene.

“ For meg vert det enklare å legge til rette for at alle barn skal få dekt sine individuelle behov ettersom eg får delta i barnas kvardag. Eg får då mogelegheita til å verte godt kjend med dei ulike personlighetene og tid til å danne gode og trygge relasjonar.

Dette gir meg eit godt innblikk i barnegruppene og det som skjer i deira verd – spesielt med tanke på den viktige leiken!

Difor er det ofte her ein kan sjå barns behov, og korleis ein kan hjelpe for at dei skal meistre funksjonar ved livet endå betre.

Eg jobbar også direkte med barn med spesielle behov som treng ekstra støtte og rettleiing, både ein til ein, i mindre grupper og gjennom fellesaktivitetane.”

Karolina Støvreide, spesialpedagog i Solsikka

§ 31. Rett til spesialpedagogisk hjelp

Barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp dersom de har særlige behov for det. (...)
Formålet med spesialpedagogisk hjelp er å gi barn tidlig hjelp og støtte i utvikling og læring av for eksempel språklige og sosiale ferdigheter
(Barnehageloven § 31 Rett til spesialpedagogisk hjelp).



Kommunikasjon, språk og tekst

Utforske og utvikle språkforståinga

Møte eit mangfald av eventyr og forteljingar

Inkludere alle barna i språkstimulerande aktivitetar

I barnehagen skal barna møte på ulike språk, språkformer og dialektar gjennom rim, reglar, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling (Rammeplanen, 2017, s.48).

I Solsikka barnehage er vi opptatt av å skape eit stimulerande språkmiljø med bøker, songar og å vere gode samtalepartnarar for barna. Personalet har gjennomgått ei kompetanseheving innan ASK (alternativ supplerande kommunikasjon) som vi aktivt integrerer inn i barnehagekvardagen.

1 - 2 år

Vise interesse for peikebøker

Kjenne igjen namn

Kommunisere, peike og konversere rundt bilete

Få erfaring med enkle songar og songar med rørsle

3 - 4 år

Enkelt fokus på blyantgrepet

Ha eit repertoar av songar og rim/reglar

Få kjennskap til bokstavane

Få erfaring med instrument og rytmer

5 - 6 år

Gjennom rolleleik få erfaring med ulike former for kommunikasjon

Fokus på blyantgrepet

Følgje med på høgtlesing utan bilete

Øve på å skrive namnet sitt, små og store bokstavar

Kropp, rørsle, mat og helse

Få gode friluftsopplevingar året rund

Leike, lære og skape med kroppen

Utvikle god fysisk og psykisk helse

Gode vanar som ein tileignar seg i barnehagealder kan vare livet ut. Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse (Rammeplanen, 2017, s.49).

Her i Solsikka serverar vi alle tre måltida i barnehagen og har fokus på variert og sunt kosthold. Alle basane har faste turdagar der vi nyttar oss av nærmiljøet og har det kjekt saman på tur. Vi har eit varmt måltid i veka, og ein variasjon av pålegg til brød. Solsikka har eit stort leikeområde ute som vi nyttar mykje samt skog med eiga grillhytte rett utanfor barnehageområdet. Vi har også eige basseng i barnehagen.

1 - 2 år

Øve på å ete og drikke sjølv

Få oppleve den gode samtala rundt måltidet

Trivsel med rørsleerfaring inne og ute i barnehagen

Utforske maten

Få byrjande læring ved handhygiene

3 - 4 år

Dotrening

Oppmodas til å smøre maten sjølv samt sende rundt bordet

Utvikle motoriske ferdigheiter

Gå lengre turar

Vaske hender etter dobesøk

Øve på å kle seg

5 - 6 år

Utvikle eit sunt sjølvbilete

Delta aktivt i måltidet

Få auka forståing for kroppen, sine eigne og andre sine grenser

Meistre eigen påkledning og hjelpe andre

Vite vegen frå mat til måltid

Kunst, kultur og kreativitet

Bruke fantasi, kreativ tenking og skaparglede

Vidareutvikle kreative prosessar og uttrykk

Opplive ulike materiale og teknikkar

Opplivingar med kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlag for tilhøyrsl, deltaking og eige skapande arbeid. I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjupning og progresjon (Rammeplanen, 2017, s.50).

I Solsikka barnehage arbeidar vi med kunst, kultur og kreativitet gjennom blant anna formingsaktivitetar, teater, musikk, sangsamlingar, dans, litteratur og film. Barna utviklar rolleleik, songglede og evne til dramatisering. Personalet skal leggje til rette for eit leikande miljø, med eit variert utval av materiale samt tid og rom for skapande prosessar for barna.

1-2 år

Introduksjon av sang, dans og musikk

Teikne rableteikningar

Verte kjend med ulike eventyr og forteljingar

Verte introdusert for dramatisering

Verte kjend med late-som-leik

3-4 år

Ha kjennskap til fargar og opplive fargesamansetningar

Nytte saks, lim og andre reiskap

Verte trygg på eiga sangstemme

Utvikle rolleleik

Få delta i kultur og skape sin eigen barnekultur saman med andre barn

5-6 år

Sangglede i overgang til skulen

Delta i utvikling og gjennomføring av prosjektarbeid

Opplive og meistre varierte formingsmateriale

Meistre rolleleik

Utvikle teikneferdigheter

Natur, miljø og teknologi

Få oppleve og utforske naturen

Få kjennskap til berekraftig utvikling og korleis ta vare på miljøet

Få kjennskap til livssyklusen til eit menneske

Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling (Rammeplanen, 2017, s.52).

Her i Solsikka legg vi til rette for at barna får eit mangfald av naturopplevingar, både i skog og fjøre. Vi er opptatt av dyreliv og å lære dette vekk til barna. Alle barna i barnehagen besøker dei eldre ved omsorgssenteret jamleg. I løpet av barnehageåret 2023/2024 skal vi gå gjennom ei miljøsertifisering via Miljøfyrtårn der vi blant anna skal sortere søppel og ha ei forståing rundt bruk av plast.

1 - 2 år

Glede seg over naturen og bruke sansane sine aktivt

Verte kjende med insekt og småkryp

Enkel konstruksjonsleik

Erfare dei ulike årstidene

Berekraftig utvikling; kaste søppel og ta vare på naturen

3 - 4 år

Få kunnskap om dyreliv og kvar maten vår kjem frå

Sortere søppel

Lære om naturfenomen

Besøke omsorgssenteret

Få gode turopplevingar

Lære om Noreg si urbefolkning

5 - 6 år

Kjenne igjen spor og sporteikn

Bruke naturen som læringsarena

Få kjennskap til mennesket si livssyklus

Lage konstruksjonar av ulike materiale

Mengd, rom og form

Leikande og undersøkende arbeid

Å stille spørsmål, resonnerer, argumentere og søke løysningar

Få erfaring med glede og løysing av matematiske spørsmål

Fagområdet mengd, rom og form handlar om å oppdage, utforske, skape strukturar og hjelpe barna til å forstå samanhengen i naturen, samfunnet og universet. Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i det daglege, i tekonologi, natur, kunst, kultur og ved sjølv å vere kreative og skapande (Rammeplanen, 2017, s.53).

I Solsikka jobbar vi med mengd, rom og form blant anna gjennom daglegdagse situasjonar, dekke og rydde av bord, vere med på matlaging/baking, ryddetid, tellesongar, spel, bøker og ulike konstruksjonsleiker.

1-2 år

Sjå i bøker med antal, form og farger

Puslespel med knottar

Verte kjend med dagsrytme

Verte introdusert for telling 1-10

Bruke kroppen og sansane for å utvikle romforståelse

3-4 år

Meistre turtaking

Sortere etter form, farge og storleik

Ha byrjande forståing av tid

Følge og forstå reglar for leik og spel

Legge enkle puslespel

Vere med å lage mat og bake

5-6 år

Kunne telle til 10

Ha eit mengdeomgrep opp til 6

Følgje og forstå spelereglar

Få erfaring med volum og måling

Få ei byrjande forståing for klokka

Utvida forståing for matematiske uttrykk

Namnngje grunnformene

Etikk, religion og filosofi

Oppleve undring og mangfald

Få kjennskap til religionar og livssyn som er representerte i barnehagen

Refleksjon og undring over grunnleggjande normer og verdiar

Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar. Fagområdet ser særleg på barnehagen sitt samfunnsmandat og verdigrunnlag i eit samfunn som er prega av livssynsmangfald.

Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn (Rammeplanen, 2017, s.54).

I Solsikka markerar vi både påske, jul og samane sin nasjonaldag. Vi legg til rette for undring og utforsking av filosofiske spørsmål barna har, og ser positivt på mangfald.

1 - 2 år
Oppleve omsorg og nærleik

Lære å dele, inkludere, takke og støtte

Oppleve og praktisere grunnleggjande verdiar

3 - 4 år
Drøfte konflikt og samarbeid

Utforske og setje ord på kjensler

Få kjennskap til ulike tradisjonar

Lære å handtere utfordringar i kvardagen

5 - 6 år
Skape gode samtalar om tema som er viktige for barna

Ytre eigne meiningar

Delta i problemløysing

Forstå bakgrunn for ulike høgtider

Nærmiljø og samfunn

Erfare at alle får utfordringar og like mogelegheiter for deltaking

Verte kjend med lokalhistorie og lokale tradisjonar

Medverke i eigen kvardag og utvikle tillit til deltaking i samfunnet

Barnas medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda (Rammeplanen, 2017, s.55).

I Solsikka markerar vi nasjonaldagen for samane kvart år, vi er på turar i nærmiljøet og har eit fast opplegg med *Livsglede for eldre* der vi besøker omsorgssenteret på Fiskå. Vi har fokus på at alle er ulike og framhevar at dette er positivt for samfunnet vårt.

1 - 2 år

Opplive at dei er ein del av fellesskapet

Lære om seg sjølv og andre

Verte møtt med forståing og erfare dei er verdifulle

Velje sjølv aktivitet, kva dei vil utforske og kva dei vil ete

Gå på tur i nærområdet

3 - 4 år

Få erfare at dei kan påverke innhaldet i barnehagen

Få byrjande kjennskap til trafikkreglar

Få erfare dei er viktige og betydningsfulle for fellesskapet

Få tid og rom til å bearbeide inntrykk gjennom rolleleik

5 - 6 år


Få kjennskap til Noreg som ein del av verda

Få kjennskap til demokrati

Få kjennskap til lokal historie

Opplive at andre kulturar lev saman i samfunnet

Anna informasjon til føresette



Alle barn har rett på fire veker ferie i løpet av barnehageåret, der minst tre av dei må vere samanhengande om sommaren. Dersom eit barn har ferie frå barnehagen både jul og påske vert dette rekna som ei samanhengande veke. Om ein ikkje tek ferie jul og påske må denne veka avviklast om sommaren eller ei anna veke i løpet av barnehageåret.



Onsdag før påske, jul- og nyttårsafta er barnehagen stengd jfr. [vedtektene](#) til barnehagen.



Barnehagen har fem planleggingsdagar i året. Desse dagane er barnehagen stengd og de finn datoane det gjeld i årskalendaren for 2023/2024 på neste side.



Solsikka brukar MyKid som digital plattform. Her har vi blant anna innsjekk/utsjekk av barn, fråværsregistrering og kommunikasjon med føresette. All informasjon frå barnehagen vert lagt ut her. Vi oppmodar føresette til å aktivt bruke MyKid til å legge inn fråvær på eige barn og halde seg oppdatert på informasjon frå barnehagen.



Alle tilsette i barnehagen har teieplikt, men ved bekymring om barnets omsorg- og livssituasjon utløyser dette ei meldeplikt til barnevernet. Melde- og opplysningsplikta til barnevernet vil alltid gå framfor teieplikta vår.

Barnehageåret 23/24

AUGUST	SEPTEMBER	OKTOBER	NOVEMBER
<p>Oppstart av eit nytt barnehageår. Tilvenning og bli kjend med kvarandre pregar august.</p> <p>Planleggingsdag : 18.august</p>	<p>Brannvern. Vi øver på evakuering og besøker brannstasjonen.</p> <p>Foreldresamtalar med pedagogane.</p> <p>Foreldremøte: 19.september</p>	<p>Fotografering: 4.oktober</p> <p>Planleggingsdag : 16.oktober</p> <p>FN-dagen: 24.oktober.</p> 	<p>Vi går inn i adventstida. Barna får kjennskap til kvifor vi feira advent og jul.</p>
<p>DESEMBER</p> <p>Julebord, Lucia-markering og nissefest.</p> <p>Hugs det er påmelding i romjula. Vi ønskjer alle ei riktig god jul!</p> 	<p>JANUAR</p> <p>Godt nyttår!</p> <p>Planleggingsdag: 2.januar</p>	<p>FEBRUAR</p> <p>Samane sin nasjonaldag 6.februar</p> <p>Karneval: 23.februar</p>	<p>MARS</p> <p>Foreldresamtalar med pedagogane</p> <p>Barnehagedagen: 12.mars</p> <p>Kursdag for personalet: Dato kjem seinare</p>
<p>APRIL</p> <p>Påske i månadsskiftet mars/april. Vi lagar påskelunsj med barna. Hugs påmelding i påska.</p>	<p>MAI</p> <p>Mini-17.mai</p> <p>Sommarfest: 30.mai</p>	<p>JUNI</p> <p>MAXI-avslutning månadsskiftet mai/juni</p> <p>Planleggingsdag : 14.juni</p>	<p>JULI</p> <p>Sommartid: 07:30 – 16:30 i skuleferien</p> 

Ein god barndom i generasjonar



Vi vil at barna i Solsikka skal ha ein god barndom, og dette vil gjere dei sjølve gode vaksne i framtida. Saman med heimen skapar vi ein god barndom med gode opplevingar og minner. Der det er hjarterom er der tryggleik og omsorg. *Personalet som er med på å gi ein god barndom er kreative, ansvarsbevisse og har evne til å sjå kvart enkelt barn.*

Årsplanen for barnehageåret 2023/2024 er godkjent i SU.
Ole Andre Rusten og Tanja Thunem er foreldrekontakter dette året.

Kjelder:

[Lov om barnehager](#)

[Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver](#)

[Lov om barnevern](#)

[Solsikka sine vedtekter](#)

[Lokal rammeplan Vanylven kommune](#)